

Kommunikasjonsplan for Stølsheimen landskapsvernområde. Rapport nr. 1 – 2020

Innleiing

Kva er ein kommunikasjonsplan

Ein kommunikasjonsplan er eit verktøy for å planlegge kva som skal kommuniserast til kven, samt når og korleis kommunikasjonen skal foregå. Kommunikasjon er eit verkemiddel og ikkje eit mål i seg sjølv, og det er derfor viktig å ha ein tydeleg plan for kva ein vil oppnå med kommunikasjonen. Ein kommunikasjonsplan definerer målgrupper og mål med kommunikasjonen og skildrar budskapet ein vil kommunisere og korleis kommunikasjonen skal gjennomførast reint praktisk. Dette inkluderer val av kanalar som skal brukast for å kommunisere, t.d. om det er mest hensiktsmessig å kommunisere den valde budskapet på ei nettside, gjennom sosiale media, på skilt o.l. Det er også viktig å definere kven som gjennomfører dei ulike tiltaka, og kven ein bør samarbeide med for å oppnå best resultat.

Behovet for ein kommunikasjonsplan

Å formidle natur- og kulturverdiane i verneområdet på ein god måte er viktig både for å ta vare på verneverdiane, for at folk som besøker området skal få ei god oppleving, og for å legge til rette for aktivitet og positiv utvikling i lokalmiljøet. Det er nyleg utarbeida ein besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde og denne kommunikasjonsplanen er laga som eit supplement og vedlegg til denne for å konkretisere dei ulike kommunikasjonstiltaka vedtatt i den strategien. Både besøksstrategien og kommunikasjonsplanen er eit resultat av Miljødirektoratet sin nye merkevestrategi “Norges nasjonalparker”, som kjem med ein del nye føringar rundt korleis vi skal kommunisere.

Bodskap

Hovudbudskapet vi ynskjer å formidle er dei spesielle natur- og kulturkvalitetane i Stølsheimen landskapsvernområde. Besøkande til området skal få auka kunnskap om området og det som lever der, samtidig som dei skal få gode opplevingar i området. Vi vil også formidle informasjon om korleis ein bør oppføre seg i området, spesielle reglar som gjeld fordi området er verna, og at det må takast omsyn til sårbart dyreliv, lokalbefolkning og landbruksdrift. Vi vil fokusere på kva informasjon målgruppa ynskjer og treng om området, og prøve å formidle dette på ein enkel måte, utan for mykje fagspråk og paragrafar.

Målgruppe

Målgruppa for kommunikasjonen er i hovudsak besøkande til området, men også fastbuande, både unge og gamle. Dei ulike målgruppene vil vi nå gjennom ulike kommunikasjonskanalar og ulike tiltak.

Kommunikasjonskanalar

Det er viktig å velje ein kommunikasjonskanal som treff den målgruppa vi ynskjer å nå. For besøkande vil ei god nettside vere ei viktig kjelde for å skaffe seg informasjon om området i forkant av besøket. Sosiale medium vil vere viktig for å leie folk til informasjon på nettsida, samt for løpande kontakt med lokalbefolkning om ting som skjer. Skilt kan formidle viktig og kortfatta informasjon til besøkande på bestemte stadar, medan turistinformasjonskontor kan gje besøkande meir inngåande kunnskap om området dei er i. Trykt informasjon som brosjyre og kart kan vere viktige supplement som dei besøkande kan ta med seg ut på tur. For barnehagar og skular vil foredrag og kommunikasjon ansikt til ansikt kunne vere ein viktig formidlingskanal. Det er også viktig med god opplæring av guidar som kan formidle budskapet vidare til sine gjestar/kundar.

Nettsider

Fordelen med nettside som kommunikasjonskanal er at du kan nå folk når som helst og overalt. Det er plass til mykje informasjon, og du kan kommunisere på fleire ulike språk. Ulempa er at folk må søke aktivt etter den informasjonen vi tilbyr for å finne nettsida, og at ein konkurrerer med mange andre nettsider om merkemda til målgruppa. Det er viktig med god kvalitet på tekstane og god søkemotoroptimalisering for at folk skal finne sida, og å halde informasjon på nettsida oppdatert og relevant for at folk skal bruke den. Det er også viktig å spisse informasjonen på nettsida mot den målgruppa vi ynskjer å nå.

Sosiale medium

Ein av fordelane med sosiale medium er at det er lett å nå mange på kort tid med budskapet vi ynskjer å formidle. Sosiale medium eignar seg godt til å spreie nyhende lokalt, og til å leie folk vidare til meir informasjon på nettsidene. Å dele gode bilete og positive nyhende i sosiale medium kan bidra til å auke interessa for verneområdet. Sosiale medium skapar også utfordringar. T.d. kan flotte bilete av eit område som ein person legg ut på instagram eller facebook spreie seg veldig fort og skape nye turmål som ikkje nødvendigvis er ønskelege eller tilrettelagt for auka ferdsel. Det er derfor viktig med bevisst bruk av sosiale medium og gjennomtenkte val av bilete ein legg ut.

Skilt/tavler

Skilt kan gje nødvendig og nyttig informasjon til folk på bestemte plassar. Blir det for mykje skilting eller uheldig plassering av skilt kan skilta derimot vere skjemmande for eit område. Det er derfor viktig å tenke nøye gjennom kva ein ynskjer å formidle på skilt, kvifor ein ynskjer å formidle dette, kor det passar å formidle det, og kven målgruppa er.

Vi vil vurdera QR-kode på skilt der det er mogleg. QR-koden bør ha link til den besøksretta nettsida for Stølsheimen, og eventuelt andre sider med informasjon om den aktuelle staden.

Det er viktig å koordinere arbeidet med eksisterande skilt med andre aktørar som ynskjer å sette opp skilt, for at det ikkje skal bli ein skiltjungel. Arbeidet må mellom anna sjåast i samheng med sti- og løypeplanar i kommunane. Det er vil også vere nyttig å koordinere med reisemålselskapa, turlag og andre aktørar. Det bør gjennomførast ein involveringsprosess som skapar eigarskap til skilta blant innbyggjarane.

Trykt informasjon

Brosjyre og kart kan vere nyttige supplement til informasjon på skilt og på nett. Fordelen er at folk kan ta det med seg der dei er og at ein ikkje treng nettilgang. Ei utfordring er kor folk skal få tak i den trykte informasjonen.

Møter, kurs og arrangement

Kurs og arrangement kan vera gode møteplassar for å nå ut til tilsette i turistinformasjon og guidefirma. Slike kurs og arrangement bør vera i regi av reiselivet eller kommunane, der informasjon om verneområdet er ein del av arrangementet.

Tiltak

Nye nettsider

Stølsheimen verneområdestyre jobbar med to forskjellige nettsider. Vi held på å utarbeide ei ny utadretta nettside etter Miljødirektoratet sin nye designmanual. I tillegg har vi nettsida på nasjonalparkstyre.no som etter kvart skal oppdaterast.

www.stolsheimen.no

Den nye utadretta nettsida for Stølsheimen landskapsvernområde følger den nye designmanualen til Miljødirektoratet. Hovudmålgruppa for denne nettsida er turistar og andre besøkande til området. Dette vil for mange vere eit av dei første møta med informasjon om området, og det er eit mål at lesaren skal få eit tydeleg bilete av naturen, kulturlandskap, kulturminne, opplevingane og tilboda i området. Gjennom bevisst bruk av bilete og tekst skal nettsida inspirere til bruk av naturen i og rundt verneområdet, på ein måte som ikkje er til skade for verneverdiane.

På nettsida vil vi formidle:

- naturverdiane
- kulturverdiane
- opplevingsmoglegheiter
- innfallsportar
- praktisk info om reise og overnatting
- info om sporlaus ferdsel og besøksforvaltning

Destinasjonsselskapa Destinasjon Voss og Visit Sognefjord vil vera viktige å ta kontakt med for å at dei kan gje innspel til informasjonen, og korleis informasjonen kan koplant til reiselivet sine sider. I tillegg kan det vera nyttig med kontakt med kommunane for å samordne informasjon om besøksmål i dei ulike kommunane.

www.nasjonalparkstyre.no

Dette er den eksisterande nettsida til styret. Denne nettsida skal gje informasjon om forvaltning av verneområda for grunneigarar, lokalbefolkning og andre spesielt interesserte. Her kan du finne dokument som verneforskrifter, forvaltningsplan, besøksstrategi og skjøtselsplanar. Info om styret sitt arbeid og protokoll frå alle styremøta vil vere tilgjengeleg her. Det er her dokument som er på høyring vil bli lagt ut, og ein vil finne kontaktinfo til verneområdestyret og forvaltarane. Miljødirektoratet jobbar med ein ny og betre versjon av denne nettsida.

[Facebookside](#)

Det skal opprettast ei facebookside for Stølsheimen landskapsvernområde. Her vil vi kunne dele små historier og bilete frå turar og skjøtselsarbeid i Stølsheimen, som er med å vise fram arbeidet verneområdestyret gjer, og skape entusiasme og tilknytning til området. Vi vil kunne dele tidsspesifikk informasjon om forhold som turgåarar bør ta omsyn til, som info om bandtvang, hekketider og sauesanking. Her vil vi også dele nyhende frå nettsida, som til dømes invitasjonar til møter eller høyringar, slik at desse når breiare ut.

For eit drøyt halvår sidan oppretta verneområdeforvaltarane facebookside for Nærøyfjorden verneområdestyre. Erfaringa så langt er at dette er ein fin kanal for å nå ut til fleire med viktig informasjon som høyringar og møter etc, samt at det skapar engasjement og interesse for området når vi delar nyhende, aktivitetar og bilete frå området. Det er ei utfordring å klare å halde oppe aktiviteten på ei facebookside, spesielt på vinterhalvåret når det er lite aktivitet i felt. Likevel trur vi at ei facebookside for området vil vere verdt innsatsen.

Målet med facebooksida er todelt:

1. å nå ut til fleire enn vi greier i dag med viktig informasjon.
2. å skape engasjement, tilknytning og forståing for vernet

For å halde oppe aktiviteten og interessa rundt facebooksida vil vi forsøke å publisere saker ein gong i veka på sommarhalvåret, litt skjeldnare på vinterhalvåret. Vi vil forsøke å dele ein kombinasjon av viktige saker og meir "feel-good"-saker. Sida vil brukast til å dele:

- Alle viktige nyhende frå styret, som innkalling til opne møter, høyringsfristar, utlysingar og liknande.
- Informasjon om pågåande og gjennomførte tiltak og skjøtselsarbeid
- Fine bilete og turtips til områder der det er greitt å lede meir folk.
- Oppdatert informasjon om omsyn ein bør ta på tur gjennom året. T.d. når det er bandtvang, hekketid for sårbare fuglar, drektige simler i eit område, når det er beiteslepp og sauesanking i eit område.
- Nyheitssaker av allmenn interesse som kan knytast til verneområdet.

Vi vil vere bevisste på å ikkje dele "skrytebilete" frå område der vi ikkje ynskjer meir folk.

Kartbrosjyre

Vi ynskjer å utvikle ei brosjyre etter den nye designmanualen. Ei slik kartbrosjyre er ei informasjonsbrosjyre om verneområdet, naturen og opplevingane i området. Den skal vere både ei kjelde til informasjon om området og ein invitasjon inn i verneområdet for dei besøkande. Den vil i tillegg til å gje skriftleg informasjon om området og tips til aktivitetar og turar, kunne brettast ut til eit stort kart over området.

Målgruppa for denne brosjyra vil vere besøkande til området. Vi vil gjere den tilgjengeleg på turistinformasjonskontor, på lokalbutikkar, turistforeiningshytter og andre plassar der det er naturleg å informere om verneområdet.



Figur 1: Eksempelbrosjyre frå Jotunheimen. På baksida vil det vere eit stort kart.

Betre informasjon om verneområdet på turisthyttene

Det er eit omfattande sti- og hyttenettverk både i og rundt Stølsheimen landskapsvernområde. Desse hyttene er ein god plass å møte folk som er interessert i meir informasjon om verneområdet. Vi ynskjer å utvikle plakatar som kan henge inne på hyttene og gje dei besøkande informasjon om verneområdet generelt eller meir spesifikke tema for den enkelte plassen. Vi vil samarbeide med Bergen og Hordaland turlag, Voss Utferdslag og evt. private turisthytter om å utvikle informasjonsplakatar som dei ynskjer å ha på hyttene sine.


Skilt ved startpunkt og informasjonspunkt i innfallsportane til verneområdet

Miljødirektoratet har utarbeida ein rettleiar for planlegging av innfallsportar til dei store verneområda i Noreg. Der blir innfallsport definert som summen av utandørs tilrettelegging som møter og kanaliserer besøkande fram til ei oppleving av heile eller delar av verneområdet. Tilretteleggingstiltaka delast vidare inn i tre kategoriar:

- **Startpunkt** skal etablerast ved starten av etablerte turstiar og består av skilt med informasjon om turen/området, samt parkering.
- **Informasjonspunkt** etablerast andre stadar der det er naturleg å stanse, t.d. ved rasteplassar, utsiktspunkt eller serviceanlegg, og består av informasjonsskilt, eventuelt med sitteplassar knytt til skilta.
- **Utkikkspunkt** er den høgste graden av tilrettelegging, og skal vere eit besøksmål i seg sjølv. Det skal innehalde stor parkeringsplass (70 bilar), bredt informasjonstilbod, opphaldssoner, nærtursti og tilgang til utkikkspunkt. Ikkje alle verneområde bør ha eit slikt utkikkspunkt.

Vi har valt å ta utgangspunkt i kvar kommune og sjå på kor det er mest naturleg å legge til rette med informasjonspunkt og startpunkt. Vi skal ikkje lage eit startpunkt ved starten av kvar einaste sti inn i Stølsheimen, men gjere eit utval av dei plassane/stiane vi ynskjer at folk helst skal bruke, og der det er behov for informasjon. Ved nokre naturlege startpunkt er det allereie skilt om turane i regi av t.d. turlag eller kommune (figur 2). Der denne informasjonen er bra tenker vi det er naturleg å vente med å sette opp fleire skilt, og eventuelt gjere dette i samarbeid med eksisterande aktørar. Det er foreløpig ingen plass som peiker seg ut til å anleggje eit utkikkspunkt etter Miljødirektoratet sin definisjon.

Der vi av omsyn til villrein eller andre naturverdiar ikkje ynskjer at så mange skal gå, vil vi heller ikkje sette opp startpunkttavle. Dette gjeld mellom anna langs Vikafjellsvegen og på Reppane/Engjaland. Vi har valt å berre ha eit informasjonspunkt langs Vikafjellsvegen. Dette er ved Finnbuene, som er det punktet som ligg lengst frå villreinen sine trekkveggar. Her vil vi i tillegg til oversiktsskilt over Stølsheimen også sette opp informasjonsskilt om villrein.



Figur 2: Oversikt over kvar Bergen og Hordaland turlag har skilt: Ortnevik, Tenne, Stordalen, Dyrkollbotn, Olsbotn, Trefall, Stølsdammen, Bjergane, Steinsland.

Skilt på informasjonspunkt

På informasjonspunkta er det naturleg å ha eit kartskilt med informasjon om Stølsheimen landskapsvernområde, eventuelt kombinert med eit eller fleire andre temaskilt om plassen/bygda og opplevingar/turar i området, dersom det blir for liten plass på eit skilt.

Stølsheimen landskapsvernområde

Velkommen inn i Stølsheimen

Welcome into Stølsheimen
Velkommen in die Stølsheimen

Stølsheimen er plassen for det enkle friluftslivet. Her kan du oppleve både vakker natur og ein rik kulturhistorie.

På engelsk: Sitja vel inni, od quliam si untvoles trupita nitatur rehendiis
På tysk: Sitja vel inni, od quliam si untvoles trupita nitatur rehendiis conuquom qui

Kartinformasjon / Karte-Informationen

- Hoges regionalparker / Regionaler Nationalparks
- Informasjonssjunde / Informationspunkt
- Parkering / Anleggsplatser / Parking, Anleggsplatz
- Sammenhengspunkt / Durchgangspunkt
- Arbeidstid / Anleggsplatser / Arbeitszeiten
- Kontaktpunkt / Kontaktpunkt
- Bilfyllstasjon / Tankstelle
- Tovestilling / Seilbahn
- Tilrettelagt camping / Familien-Camping
- Turisthytte / Turisthütte
- Turisthytte / Turisthütte
- Turisthytte / Turisthütte
- Tilgjengelig vann / Wasser verfügbar
- Turist / Tourist
- Stølsheimen / Stølsheimen
- Stølsheimen / Stølsheimen

Langs gamle, svingete og bratte stølveggar går du i fotspora til generasjonar av bønder og husdyra oiaira, til stalane der dei budde og hadde dyra på beite om sommeren. Sjølv om den siste stalen vart lagt ned i 1972, kan du framleis oppleve mange av dei tradisjonelle stalane gjennom eit nettverk av merka turstiar og hytter.

Naturen er vilt og frodig, med mange elver og høge fossar. Fangstanlegg med dyrsgraver viser at Stølsheimen har vore eit viktig leveområde for villrein i lang tid. Er du heldig og oppdagar villrein så sett deg ned og nyt synet, utan å uroe dyra.

Dermer istot på engelsk: Velkommen in die Stølsheimen / Willkommen in die Stølsheimen. Sitja vel inni, od quliam si untvoles trupita nitatur rehendiis conuquom qui. Sitja vel inni, od quliam si untvoles trupita nitatur rehendiis conuquom qui.

Stølsheimen landskapsvernområde

Velkommen inn i Stølsheimen

Welcome into Stølsheimen
Velkommen in die Stølsheimen

Stølsheimen er plassen for det enkle friluftslivet. Her kan du oppleve både vakker natur og ein rik kulturhistorie.

På engelsk: Sitja vel inni, od quliam si untvoles trupita nitatur rehendiis
På tysk: Sitja vel inni, od quliam si untvoles trupita nitatur rehendiis conuquom qui

Kartinformasjon / Karte-Informationen

- Hoges regionalparker / Regionaler Nationalparks
- Informasjonssjunde / Informationspunkt
- Parkering / Anleggsplatser / Parking, Anleggsplatz
- Sammenhengspunkt / Durchgangspunkt
- Arbeidstid / Anleggsplatser / Arbeitszeiten
- Kontaktpunkt / Kontaktpunkt
- Bilfyllstasjon / Tankstelle
- Tovestilling / Seilbahn
- Tilrettelagt camping / Familien-Camping
- Turisthytte / Turisthütte
- Turisthytte / Turisthütte
- Turisthytte / Turisthütte
- Tilgjengelig vann / Wasser verfügbar
- Turist / Tourist
- Stølsheimen / Stølsheimen
- Stølsheimen / Stølsheimen

Langs gamle stølveggar går du i fotspora til generasjonar av bønder og husdyra daira, til dei tradisjonelle stalane som framleis kan opplevast i Stølsheimen. Naturen er vilt og frodig. Er du heldig, kan du sjå villrein. Då ber du sette deg ned og nyt synet, utan å uroe dyra.

Langs gamle stølveggar går du i fotspora til generasjonar av bønder og husdyra daira. Til dei tradisjonelle stalane som framleis kan opplevast i Stølsheimen. Naturen er vilt og frodig. Er du heldig, kan du sjå villrein. Då ber du sette deg ned og nyt synet, utan å uroe dyra.

Figur 3: Foreløpig utkast til oversiktstavle for Stølsheimen, med og utan bilete.

Skilt på startpunkt

På startpunktene er det naturleg å ha ei tematavle som informerer spesifikt om verneverdiar i det lokale området. Det kan og vere aktuelt med oversiktsskilt for Stølsheimen. Tematavla kan innehalde:

- eit kart der turruter med estimert vanskelegheitsgrad og gangtid er merka av, samt “du er her”-punkt. Dette er mindre aktuelt der turlag har denne informasjonen på egne skilt
- litt info om verneverdiar og utvalde “severdigeitar” i området (turmål, dyre-/planteliv, kulturminne etc)
- ferdelsesreglar tilpassa området (sporlaus ferdsel, ta omsyn til dyreliv, landbruk og kulturminne, lukk grunder etc)



Figur 4: Utforming av stående og liggande tavler i cortenstål. Eksempel på startpunkt-tavle frå Dove.

Temaskilt om kulturminne og stølar

Det er viktig å ikkje overdrive skilting og informasjon inne i verneområdet. Det er eit mål at dei besøkande skal ha fått mest mogleg informasjon før dei kjem til området, for at det ikkje skal vere nødvendig med skilt inne i verneområdet. Langs enkelte utvalde og mykje brukte stiar kan det likevel vere aktuelt å ha infoskilt ved spesielt interessante punkt, t.d. ved enkelte stølar og andre kulturminne. Dette kan vere med å auke turopplevinga og kunnskapen om området for dei besøkande. Det kan også vere viktig der det er spesielle omsyn dei besøkande må ta.

Ved plassering av skilt inne i verneområdet er det spesielt viktig at utforming og plassering er slik at skilta blir minst mogleg dominerande i landskapet, og ikkje verkar skjemma for naturen/kulturminna det informererast om. Skilta kan vera av same type som skilt på startpunkt og informasjonspunkt, men litt mindre. Det er også aktuelt å bruke malen for natursti (figur 5). Den består av ein firkanta trestolpe der du kan vippe ut eit lite skilt, og kan vere mindre dominerande enn eit større skilt. Enkle namneskilt utan noko meir info kan også vere aktuelt. Dette kan eventuelt kombinerast med informasjon på skilt i starten av stien om kvar ein kan finne meir informasjon på nettsida, eventuelt QR-kode til heimesida med meir informasjon.

Eit eksempel på temaskilt som er bestemt i besøksstrategien at skal settast opp, er skilt om kulturminne i Gryteberg. Dette skiltet er utarbeide i samarbeid med Vik kommune og Vestland fylkeskommune, og vert sett opp ved Gryteberg juli 2021. Informasjon på plassen om kva ein ser i fjellet trur vi kan auke opplevinga av kulturminnet, samtidig som ein får moglegheit til å informere om at folk må ta omsyn til kulturminnet og ikkje risse namn og anna i fjellet.

For å velje ut kvar det elles kan vere aktuelt med temaskilt inne i verneområdet vil vi bruke følgjande kriterium:

- Behov for og/eller uttalt ynskje om meir informasjon
- Tilgjengelegheit og mengde besøkande
- Spesielle «severdigheter» der informasjon vil auke opplevingsverdien
- Område som er prioritert i stølsrapporten, besøksstrategien og/eller der det blir gjennomført skjøtsel.



Figur 5: Eksempel på natursti.



Stølshelmen
landkapsvernområde

Gryteberg og Raudberg

Gryteberg and Raudberg
in Stølshelmen Protected Landscape Area

Steinformasjonen bak deg har fått namnet Gryteberg. Dette er eit freda kulturminne der du kan sjå spor etter gamal gryteproduksjon.

The rock formation behind you is called Gryteberg. It is an important cultural heritage site where you can see traces of ancient cooking pot production.

Tipe etter gryteproduksjon.
Trace of cooking and production.
(Årå fot. Arnein Dapeli/Viktorid)



Raudberg
Raudberg



I Gryteberg er det tatt ut emne til gryter i kleberstein. Det spesielle med kleberstein er at den er mjuk og lett å forme, og at den er eldfast. Steinen har vore i bruk sidan steinalderen og har hatt mange bruksområde. I bronsealderen byrja ein å lage gryter av stein. Når grytene vart laga, skar ein først til forma utvendig, før ein hola ut gryta. I Gryteberg kan du sjå fleire halvveggs utskorne gryter, truleg mellom 500 og 2000 år gamle.

Den spesielle geologien i området kan du også sjå i fjellet Raudberg, rett framfor deg. Raudfargen på fjellet ser du endå betre frå stien nærare Selhammer. Fjellet består av bergarten serpentinstein, som inneheld magnesium og jernoksid. Ved forvitring går jernoksidet over til rust, som gjer fjellet den karakteristiske raudfargen. Innhaldet av magnesium i bergarten gjer at lite planteliv trivast her. Nokre av plantene som vekst her er fjelljæmsblom, fjellarve, småsyre, tusarve og grønburknie.

Gryteberg is a place where blocks of soapstone were extracted to make cooking pots. Soapstone is special because it is soft and easy to shape, and it withstands high temperatures. Soapstone has been used since the Stone Age and has been utilized for many different things. Cooking pots started to be made out of stone in the Bronze Age. They were made by first shaping the outside of the stone, then hollowing out the inside of the pot. Visitors to Gryteberg can see many half-finished cooking pots that are estimated to be between 500 and 2000 years old.

Visitors can also see the special geology of the area in the mountain called Raudberg, which is right in front of you. The reddish color of the mountain becomes even more apparent from the path close to Selhammer. The mountain consists of a type of rock called serpentinite, which contains magnesium and iron oxide. When weathered, iron oxide starts to rust, which gives the mountain its characteristic red color. Due to the amount of magnesium in the rock, plants like isn't that abundant here. Red Alpine catchfly, alpine chickweed, red sorrel, mountain sandwort and green silverwort are some of the plants that grow here.

Ikke skriv eller riss i fjellet! Hjelp oss å ta vare på kulturarven vår.

Don't write on or scratch anything into the rock! Help us protect our shared cultural heritage.

Produent har starta å verne og flytte gjenstandene og utstillingene.



Figur 6: Kulturminneskiltet ved Gryteberg

Skiltplan for Stølsheimen landskapsvernområde				
Plassering	Type tilrettelegging	Skilt	Viktig innhald på skilt	Kommentarar
Høyanger kommune				
Ortnevik sentrum	Informasjonspunkt	Oversiktsskilt Stølsheimen Tematavle - Info tilbod og turar frå Ortnevik ?		Bergen og Hordaland turlag (BHT) har skilt
Søreide ferjekai	Informasjonspunkt	Oversiktsskilt Stølsheimen		
Starten av Storedalen/Flugedalen	Startpunkt	Tematavle	landbruk/kulturlandskap	
Ved stistart langs Strendene til Sylvarnes	Startpunkt	Tematavle	Turstiar Fare for snøskred om vinteren	Grunneigarlaget på Strendene har skilta gardane langs stien mellom Ortnevik og Vollevik
Vik kommune				
Vik sentrum	Informasjonspunkt	Oversiktsskilt Stølsheimen		Samarbeid med Vik kommune og Nærøyfjorden verdsarvpark
Butikken i Framfjorden	Informasjonspunkt	Oversiktsskilt Stølsheimen		Samarbeid med Vik kommune og Nærøyfjorden verdsarvpark

Bjergane, parkering	Startpunkt	Tematavle	Raudberg, Gryteberg, villrein	BHT har skilt. Samarbeid med kommunane og villreinnemnda
Tenne	Startpunkt	Tematavle	Kulturlandskap, lokale stølar	BHT har skilt
Nese	Startpunkt	Tematavle	Kulturlandskap, lokale stølar	
Gryteberg	Kulturminne	Tematavle	Kulturminne, Ikkje riss i fjellet	
Sylvarnes	Startpunkt	Tematavle Oversiktsskilt Stølsheimen	Turinformasjon, om plassen	
Voss herad				
Gondolbanebygget	Informasjonspunkt	Oversiktsskilt Stølsheimen		Samarbeid med Destinasjon Voss/Visit sognefjord
Finnbuene, parkering	Informasjonspunkt	Oversiktsskilt Stølsheimen Tematavle	villrein	Samarbeid med kommunane og villreinnemnda
Myrkdalen fjellandsby	Informasjonspunkt	Oversiktsskilt Stølsheimen Tematavle	villrein	Samarbeid med kommunane og villreinnemnda
Modalen kommune				
Mo	Informasjonspunkt	Oversiktsskilt Stølsheimen		
Stordalen fjellstove	Informasjonspunkt	Oversiktsskilt Stølsheimen		BHT har skilt
Stølsdammen	Startpunkt	Tematavle	Stølane	BHT har skilt

Romarheim, kryss E39	Informasjonspunkt Vegvesenskiilt			På same plass som info om Modalen kommune. Avklare med vegvesen
Vaksdal kommune				
Butikken i Eksingedalen	Informasjonspunkt	Oversiktsskiilt Stølsheimen		
Gullbrå	Startpunkt	Tematavle	Villrein	BHT har skilt. Samarbeid med kommunane og villreinnemnda
Trefall	Startpunkt	Tematavle	Villrein	BHT har skilt. Samarbeid med kommunane og villreinnemnda
Askjelldalsvatnet	Startpunkt	Tematavle	Villrein, turinformasjon	Samarbeid med kommunane og villreinnemnda

Samarbeide med DNT om vidareutvikling av UT.no

Den norske turistforeining har tatt kontakt om eit arbeid dei har satt i gang for å forbetre nettportalen ut.no. Dette inneberer mellom anna at ein på alle turforslag som går gjennom eit verneområde, skal få opp informasjon om det aktuelle verneområdet. Dei ynskjer også å få på plass ein kvalitetssikring av turforslaga. Vi vil bidra inn i dette arbeidet med informasjon om verneområda, samt info om eventuelle turar som ikkje burde marknadsførast av omsyn til verneverdiane.

Opplæring og informasjon til tilsette i butikk, resepsjon og reiselivsbedrifter på informasjonspunkt

Tilsette i servicenæringane rundt verneområdet er viktige medhjelparar for å nå ut med informasjon til besøkande. Vi vil derfor sjekke ut kva som finns av eksisterande fora i regi av andre aktørar der vi kan delta med opplæring om verneområdet, verneverdiane og omsyn som bør takast når ein ferdast i området.

Tiltaksplan

Vi har satt opp ein oppsummering av tiltak med tidsplan og samarbeidspartar.

Kva er tiltaket	Bodskap	Målgruppe	Tid	Utfører	Samarbeidspartar
Ny, utadretta nettside	Verneverdiar, korleis opptre i naturen, utvalde turarar og opplevingar, praktisk info om reise og overnatting	Besøkjande	Vår 2021	Verneområdestyret	Destinasjonsselskap, kommunar
Oppdatere eksisterande nettside for forvaltninga	Styresaker, forvaltning av verneområda, verneforskrifter, forvaltningsplan, besøksstrategi og skjøtselsplanar.	Lokalbefolkning, grunneigarar	2021	Miljødirektoratet og verneområdestyret	Fylkesmannen i Vestland

Facebookside	Viktig info, verneverdiar, opplevingar	Lokalbefolkning, besøkande	2020, oppfølging kvar veke	Verneområdestyret	
Kartbrosjyre	Verneverdiar, korleis opptre i naturen, utvalde turarar og opplevingar	Besøkjande	2021	Verneområdestyret, tenestekjøp	Kommunane, destinasjonsselskap
Infoskilt om kulturminne i Gryteberg	Kulturminne, geologi, ta omsyn	Besøkjande og lokale	Juli 2021	Verneområdestyret	Vik kommune, Kulturavdelinga i fylkeskommunen
Temaskilt om andre kulturminne og stølar	Verneverdiar, historisk bruk	Besøkjande og lokale	2021-2022	Verneområdestyret	Grunneigarar, kommunane, fylkeskommunen
Betre informasjon om verneområdet på turisthyttene	Verneverdiar, korleis opptre i naturen,	Turgåarar	2021-2022	Verneområdestyret	Turlaga
Samarbeide med DNT om vidareutvikling av UT.no	Informasjon om verneverdiane og sporlaus ferdsel	Besøkjande	2021-2022	DNT	Verneområdestyret
Skilt på informasjonspunkt og startpunkt i	Verneverdiar, korleis opptre i naturen, turmoglegheiter	Besøkjande	2021	Verneområdestyret	Kommunar, grunneigarar, innbyggjarar

Framfjorden og Ortnevik					
Skilt på andre informasjonspunkt og startpunkt i dette dokumentet	Verneverdiar, korleis opptre i naturen, turmoglegheiter	Besøkjande	2021-2022	Verneområdestyret	Kommunar, grunneigarar, innbyggjarar
Opplæring og informasjon til tilsette på informasjonspunkt	Verneverdiar, korleis opptre i naturen, sporlaus ferdsel	Tilsette i reiselivsbedrifter, resepsjon, butikk etc.	2021-2022	Verneområdestyret	Reiselivsnæringa, kommunane